

BARNEFORESTILLINGER

KONSERTER

Nº 14

SCHOUS

KULTURBRYGGERI

FORESTILLINGER & DANS

# SESONGPROGRAM HØST

2017

FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS FRA HELE VERDEN

# RIKSSCENEN





09.09 Nordic Sound Folk Orchestra: fra prøvene på Riksscenen i juni



#### HELE VERDEN PÅ RIKSSCENEN

Hovedoppdraget vårt er å presentere og videreutvikle vår egen folkelige kulturarv. Men vi skal også presentere internasjonale artister med tette bånd til sin kulturarv. Verden er stor, så hvordan prioritere?

Ufordinngene ligger i å orientere seg i det enorme tilbuddet innen verdensmusikk og samtidig velge produksjoner som er ønsket av et publikum og kan bidra positivt til integrering av innvandrere. Legg til at mye verdensmusikk trives best i klubber som Cosmopolite, mens kjente plakatnavn vil ha større arenaer enn vår Hovedscene. La meg bruke noen av høstens profilerte produksjoner til å illustrere hvordan vi forsøker å løse dette.

Ett viktig stikkord er samarbeid – særlig med festivaler. Oslo World Music Festival er landets ledende innen verdensmusikk, og Riksscenen har etablert seg som en festivalscene under deres paraply. Uten Alexandra Archetti Stølens svært kompetente rådgivning ville vi neppe kommet på tanken å booke Christophe Chassol og hans forestilling Indiamore. Førdefestivalen er et annet sterkt kompetansesenter. Når Hilde Bjørkum inviterer til samarbeid om et stort skandinavisk folkemusikkorkester, Nordic Sound Folk Orchestra, er det vinn-vinn - ikke minst for utøverne som får fremføre denne storsatsingen to ganger.

Dansefestivalen Coda er også en årlig samarbeidspart. Lise Nordahl sjøsetter sin siste festival i år, og kombinasjonen hennes bunnsolide kompetanse på samtidsdans og vår egen på folkedans har resultert i mange spennende produksjoner. I år et trippel bill-møte og påfølgende workshop/samtale mellom Døgeniktenes debatt og to forestillinger av József Trefeli & Gábor Varga. De utforsker folklore i sin samtidsdans.

Vi har lenge hatt fokus på Latin-Amerika. Presentasjon av utøvere fra Afrika og Midtøsten har vært mer sporadisk. Det vil vi gjerne få inn i et mer kontinuerlig spor. Vel vitende om at vår programkompetanse i verdensmusikk ikke dekker alt, ba vi fransk-norske Wilfred Vuillaume om å kuratere to heldagsarrangement. Wilfred er opptatt av forankring gjennom dialog og medbestemmelse for at tilbuddet skal nå ut, så sammen med nøkkelpersoner i Norge fra disse kulturene presenterer han to flotte dager: Choufis verden og Afrikascenen.

Under vignetten Fortellerscenen har vi produsert en serie med soloforestillinger, og nå har vi hentet inn en artist utenfor Norge. Masha Vahdat fra Iran, som mange kjenner fra Kirkelig Kulturverkstedutgivelser som Lullabies from the Axis of Evil, tar oss med inn i sin verden der hun setter spørsmålstegn ved "Where is home?".

Legg til Maykel Blanco y Su Salsa Mayor fra Cuba og Fairport Conventions 50-års jubilumsturné, så er alt duket for en spennende reise rundt i verden. Så håper jeg du vil konkludere med at vi har løst oppgaven vår på en god måte.

Helge Skansen, daglig leder, Riksscenen





## Folk på Torsdag

Aktuelle artister, jam, dans og koselig stemning. OsloFOLK og Riksscenen samarbeider om Folk på Torsdag, en fast klubbkveld med løs snipp og garantert bra musikk! Her presenteres gamle helter og unge stjerner som alle opererer et eller annet sted innenfor et folkemusikalisk landskap. Konseptet Ung på Torsdag gir unge, spesielt dyktige utøvere en sjanse til å stå på scenen og vise hva de kan. I tillegg legger vi noen kvelder opp til dans, og det er alltid rom for jam der alle er velkomne til å ta med instrumenter og bidra!

OsloFOLK støttes av Norsk kulturråd og Oslo kommune.

## Bakkjens Basar

En fredagskveld i måneden får vår kreative programsnekker Asgaut Bakken frie tøyler til å sette sammen det ultimate klubbsprogrammet på Hovedscenen med som regel to band. De råeste blant de råe, nye musikerkonstellasjoner, internasjonale toppmusikere du neppe har hørt før, og høy dansefaktor.

## Tett på

Folkemusikken sitt svar på Bokbadet, eit djupdykk ned i musikktradisjonar og musikkopplevelingar. Fire sundagar i sesongen presenterer vi nye artistar – solistar og utøvarar som på ein eller annan måte har ein link mellom seg, eller er aktuelle akkurat no. Dei deler ein konsert der dei sjølve får presentere seg gjennom låtval og historier, og i tillegg vert det ei samtale mellom artistane og Ola E. Bø, vår eiga folkemusikkbadevakt!

## Folkedansen

Riksscenen legger vekt på to forskjellige anvendelser av folkedansen. Dansescenen er en arena for profesjonelle folkedansere og et visningsted for deres nye sceniske produksjoner. Under tittelen Dansefest setter vi søkelys på de forskjellige dansetradisjonene i Norge, gjerne i samarbeid med organisasjoner og lag som i tiår har ivaretatt og viderefeutviklet disse. Kurs i dans med de beste instruktørene kobles med sosialt samvær der dansen og musikken står i sentrum.

## Buljos Biðus og Idja

Riksscenen er også et utstillingsvindu for det som rører seg i den samiske musikken. I samarbeid med gitaristen og produsenten Georg Buljo presenterer vi et knippe av de fremste samiske artistene fra Nordkalotten – en reinsdyrkjøttgryte (biðus) av ypperste kvalitet.

Idja-Sámiclubnight – er et klubbkonsept utviklet av den samiske ungdomsorganisasjonen Oslove Noereh i samarbeid med Riksscenen. Stadig flere samer bor i byene, og en sterkt urban samisk ungdomskultur er viktig for å bevare samisk identitet og språk i årene framover. Idja er den yngre generasjonens møteplass i Oslo der identitet, kultur, tradisjon og fellesskap står i sentrum, samt en scene hvor samiske artister får mulighet til å presentere seg i hovedstaden. Idja skal også fremme samarbeid mellom samer i Norge, Sverige, Finland og Russland.

## LilleRIKSEN

Dette er Riksscenen tilbud til barn og voksne som vil oppleve noe sammen. Annenhver lørdag inviterer vi til en samlingssstund med konserter, forestillinger og aktiviteter. Vegar Vårdal er vår faste LilleRIKS-verd, og han ønsker alle barn og voksne velkommen i forkant av forestillingen. Selve forestillingene passer for både store og små dersom ikke annet er oppgitt – noen ganger intimt på Klubbscenen, andre ganger slår vi på stortromma og lager familiekonsert på Hovedscenen. LilleRIKSEN formidles i samarbeidsprosjektet Barna i Schous Kulturbryggeri.

## Månedens artist

To ganger i sesongen setter Riksscenen følgespoten på en nyskapende og trendsettende artist. Vår intensjon er å la dem vise seg fram fra nye og uventede sider, men også gjerne ta opp igjen produksjoner som mange flere burde ha fått med seg.

## Fortellerscenen

Fortellertradisjoner har gått hånd i hånd med folkemusikken og folkedansen og er en del av vår folkelige kulturarv. Norge har hatt sterke muntlige fortellertradisjoner, og mye er nedtegnet – en nærmest utømmelig skattekiste for dem som vil bearbeide og omsette til sceniske uttrykk. Riksscenen prioriterte dette arbeidet, og under denne profilen viser vi sceniske forestillinger der fortellingen, musikken og dansen smelter sammen til ett uttrykk – ofte produsert av oss. I tillegg henter vi inn tilsvarende forestillinger fra andre kulturer.

## Verdensmusikkscenen

Det aller meste vi formidler på Riksscenen, kunne vært samlet under denne profilen – norsk folkemusikk er også en del av den internasjonale verdensmusikkscenen. Men begrepet world music er kommet for å bli, så vi samler primært tradisjonsmusikk med røtter utenfor de nordeuropeiske tradisjonene i denne boksen. Det omfatter alt fra enkeltstående konserter til vår faste serie «*Indris' Latinerkvarter*» med sitt fokus på Latin-Amerika.

## Åpen Klasse

Den nasjonale og internasjonale folkemusikken er utrolig mangfoldig og går ofte på tvers av både sjangre og tradisjoner. Riksscenen tilbyr som beskrevet over faste serier med relativt klart definerte profiler. Under vignetten Åpen klasse er det derimot høyt under taket. Det eneste vi lover, er utøvere av ypperste kvalitet, høydepunkter fra festivaler, og nye produksjoner.

## Nyproduksjoner

Riksscenen er ikke bare en aktiv formidler av folkemusikk og folkedans, men prioriterte også å initiere nye produksjoner i tett faglig og økonomisk samarbeid med kunstnere. Vi tilstreber å støtte både store sceniske forestillinger og mindre produksjoner som kan komme andre folkemusikkarrangører til gode. I sesongprogrammet vårt setter vi et stempel på de produksjonene der vi har vært medprodusenter.

# KJØP SESONGKORT FOR HØSTEN 2017

Sesongkort kun kr. 1300,- / 800,- (student) i døra eller på riksscenen.no




**SESONGKORTET** gir fri adgang til alle konserter som Riksscenen arrangerer alene  
- til våren er det over 50 konserter!

Vi tar forbehold om at enkelte konserter kan bli utsolgt. Vi holder av et begrenset antall plasser til sesongkort inntil 15 min før konsertstart. Møt derfor opp tidlig for å sikre deg plass. Det er ikke mulig å reservere billetter på sesongkort.

Sesongkortet gjelder ikke når Riksscenen brukes av eksterne arrangører eller på samarbeidsarrangementer med delt økonomi. Disse arrangementene er merket både på nettsidene våre og i programmet. Kortet er personlig og legitimasjon må alltid framvises. Adgangsbillet til det enkelte arrangement må hentes i billettluka pga. vår besøkstatistikk.

Sesongkort gjelder ikke arrangementer merket med \*



FREDAG	25	LØRDAG	26	SØNDAG	27	MANDAG	28
	<b>PER BOLSTAD I ORD OG TONAR</b>	<b>ORQUESTA TANGARTE</b>					
TIRSDAG	29	ONSDAG	30	TORSDAG	31		
				<b>RIMUR &amp; SAUMUR</b>			

AUGUST

AUG  
SEP  
OKT  
NOV  
DES

KONSERTKALENDER HØST 2017

# KONSERTKALENDER HØST 2017

SEPTEMBER

AUG  
SEP  
OKT  
NOV  
DES

MANDAG	04	TIRSDAG	05	ONSDAG	06	TORSdag	07	<b>NERGAARD/ KRUMINS &amp; GRANLIEN/BY</b>
MANDAG	11	TIRSDAG	12	ONSDAG	13	TORSdag	14	<b>RØINE/ HULBÆKMO/ KJORSTAD- BRØDRENE</b>
MANDAG	18	TIRSDAG	19	ONSDAG	20	TORSdag	21	<b>GULBRANDSEN/ SVENDSEN/ REISTAD/ THOSTENSEN/ MISTEREGGEN</b>
MANDAG	25	TIRSDAG	26	ONSDAG	27	TORSdag	28	<b>FRØKEN</b>
				<b>BENEDICTE MAURSETH MED VENNER</b>				<b>MØRKEN/ NYRØNNING &amp; OLE NILSEN</b>
				<b>MÅNEDENS ARTIST</b>				<b>NYPRODUKSJON</b>

FREDAG	01	LØRDAG	02	SØNDAG	03
	<b>RESJEMHEIA &amp; SYMBIO</b>	<b>TELLEFSEN/ BUEN/GIMSE</b>		<b>STORLI/MORKEN</b>	
FREDAG	08	LØRDAG	09	SØNDAG	10
	<b>NORDIC SOUND FOLK ORCHESTRA</b>		<b>BENEDICTE MAURSETH / ANNE MARIT JACOBSEN: JON FOSSE</b>	<b>MÅNEDENS ARTIST</b>	<b>NYPRODUKSJON</b>
FREDAG	15	LØRDAG	16	SØNDAG	17
	<b>BIRU BABY</b>	<b>GAMMALDANS ØYVIND SANDUM TRIO &amp; SYVERS ORKESTER &amp; SINER OG CO &amp; ATTERLJOMEN</b>		<b>STUBSVEEN/ FLOTTORP</b>	
FREDAG	22	LØRDAG	23	LØRDAG	24
	<b>MAURSETH/ OPHEIM - TIDEKVERV</b>	<b>AFRIKASCENEN</b>			<b>NYPRODUKSJON</b>
FREDAG	29	LØRDAG	30		
	<b>JIENAT &amp; KAJSA BALTO</b>	<b>GRO MARIE SVIDAL: SUNNIVA NO</b>			

# KONSERTKALENDER HØST 2017

OKTOBER

AUG  
SEP  
**OKT**  
NOV  
DES

MANDAG	02	TIRSDAG	03	ONSDAG	04	TORSdag	05	FREDAG	06	LØRDAG	07	SØNDAG	08
						IRENE TILLUNG OG 10 PÅ TAKET		STORM WEATHER SHANTY CHOIR & MANNSKORET		MAYKEL BLANCO Y SU SALSA MAYOR		FRANK ROLLAND/ INGELEIV KJERLAND KVAMMEN	
MANDAG	09	TIRSDAG	10	ONSDAG	11	TORSdag	12	FREDAG	13	LØRDAG	14	SØNDAG	15
						HULBÆKMO & JACOBSEN FAMILIE- ORKESTER		FAIRPORT CONVENTION		CHOUFIS VERDEN		ANETTE SAND- VÆR - FORTELLEVILL	
MANDAG	16	TIRSDAG	17	ONSDAG	18	TORSdag	19	FREDAG	20	LØRDAG	21	SØNDAG	22
						SUDAN DUDAN		UGAGN M/ KIRSTEN BRÅTEN BERG		QUIZ OG DANSEFEST		ØYVIND BRABANT OG JOHN BONDAL	
MANDAG	23	TIRSDAG	24	ONSDAG	25	TORSdag	26	FREDAG	27	LØRDAG	28	SØNDAG	29
						GABRIEL FLIFLET BAND		DØGENIKTENES DEBATT & JINX & CREATURE (CODA)		VARGA/TREFELI WORKSHOP & SAMTALE (CODA)		STY & VINJEUNGDOM	
						NYPRODUKSJONER		ISÁK		GEORG BULJO: SNØFRID			
						BELINDA BRAZA (CODA)							
						NYPRODUKSJONER							

# KONSERTKALENDER HØST 2017

NOVEMBER

AUG  
SEP  
OKT  
**NOV**  
DES

MANDAG	30	TIRSDAG	31	ONSDAG	01	TORSdag	02	FREDAG	03	LØRDAG	04	SØNDAG	05
				<b>CHASSOL: INDIAMORE</b>		<b>CELTIC ROOTS ENSEMBLE</b>		<b>AFENGINN &amp; VALKYRIEN</b>		<b>JÄRVELÄ/HAMRE/ BJERNULF</b>			
				<b>OWMF</b>		<b>OWMF</b>		<b>OWMF</b>		<b>MÅNEDENS ARTIST</b>			
MANDAG	06	TIRSDAG	07	ONSDAG	08	TORSdag	09	FREDAG	10	LØRDAG	11	SØNDAG	12
				<b>MORGONRODE</b>				<b>BIRGER MISTEREGGEN- SLAGFERDIG</b>		<b>TRANSJOIK &amp; MOENJE</b>		<b>RYDIN BERGE/ HAUGEN-MARKU- SSSEN/ROSSEBØ</b>	
								<b>NYPRODUKSJON</b>				<b>NYPRODUKSJON</b>	
MANDAG	13	TIRSDAG	14	ONSDAG	15	TORSdag	16	FREDAG	17	LØRDAG	18	SØNDAG	19
MANDAG	20	TIRSDAG	21	ONSDAG	22	TORSdag	23	FREDAG	24	LØRDAG	25	SØNDAG	26
						<b>BOLTELØKKA JENTEKOR M/ HANNE TVETER</b>		<b>SKENET &amp; PEKKO KÄPPI</b>		<b>FOKUS FINLAND 100 ÅR</b>		<b>MARI MIDTLI M/ UFO OG BULDER &amp; BRAK</b>	
						<b>NYPRODUKSJON</b>							
						<b>2 X JÄRVELÄ/ 2 X LARSEN</b>							
						<b>MÅNEDENS ARTIST</b>				<b>MÅNEDENS ARTIST</b>			
MANDAG	27	TIRSDAG	28	ONSDAG	29	TORSdag	30						
						<b>KVEDAR- KVINTETTEN</b>							
						<b>MASHA VAHDAT: WHERE IS HOME?</b>							
						<b>NYPRODUKSJON</b>							

	FREDAG <b>FELGEN ORKESTER</b>	01	LØRDAG <b>HOVEDØEN SOCIAL CLUB M/ GJESTER</b>	02	
			NYPRODUKSJON		
SØNDAG 03	MANDAG 04	TIRSDAG 05			
<b>MADS KURAAS &amp; LARS-INGAR MEYER FJELD</b>					
ONSDAG 06	TORSdag <b>LJØSBLÅTT NMH FESTIVAL</b>	07	FREDAG <b>PØBEL I PELS *</b>	08	LØRDAG <b>PØBEL I PELS *</b>
ONSDAG 10	TORSdag <b>PØBEL I PELS *</b>	11	FREDAG	12	LØRDAG 13

KONSERTKALENDER HØST 2017  
DESEMBER  
AUG SEP OKT NOV DES

Fredag 25. august

# PER BOLSTAD I ORD OG TONAR

ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 220/175



Slåttekomponisten Per Bolstad er med sine om lag 600 komposisjonar ein av Vestlandet sine største kunstnarar gjennom tidene. Bolstad etterlet seg mellom anna ein stor produksjon av slåttar og ruddansmusikk som det har vore enorm interesse for både i Noreg og elles i Skandinavia.

Dei siste åra har musikarane Håvard Svendsrud og Arvid Engegård vore drivkraftene bak fleire store musikkprosjekt der Per Bolstads musikk har stått i sentrum. Det har vore CD-utgjeving til strålende kritikkar og fleire konsertturnear i Noreg, for å nemne noko. Konsertnamnet «*Per Bolstad i ord og tonar*» har slått svært godt an blant publikum, og Svendsruds unike seksmannensembla er då heller ikkje kvarlagskost for konsertpublikummet.

Konsertkåseriet «*Per Bolstad i ord og tonar*» tek føre seg viktige hendingar i Bolstads karriere, og ensemblet framfører eit rikt utval av komposisjonane hans.

Håvard Svendsrud - trekkspel  
Arvid Engegård - fiolin,  
Mari Lerseth - fiolin  
Bente Midtsveen - trekkspel  
Rolf Erik Syversen - gitar  
Svein Haugen - kontrabass

Lørdag 26. august

# JUANJO PASSO & ORQUESTA TANGARTE

ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETTER 250/175

Vi på Riksscenen synes det er viktig å vise at det bobler rundt i Skandinavia også på latinmusikkfronten. Orquesta Tangarte er et svensk-argentinsk tangoorkester som elsker å se publikum bli båret av gärde på tangoens vinger i en het omfavnelse. Orquesta Tangarte er svorne tilhengere av den store tangorikdommen fra Rio de la Plata-området fra 40- og 50-tallet med musikk av komponister fra dansetangoens gullaider som Villoldo, Canaro, Fresedo, Di Sarli, Troilo og Pugliese.

Orquesta Tangarte, med en rekke plateutgivelser i Sverige, ble grunnlagt i 1999 av den argentinske bandoneonisten Juanjo Passo med en klar misjon: å spre musikken fra Rio de la Plata ved å spille opp til dans og fremkalte svunne tiders aura.

Med seg til Oslo har de det argentinske danseparet Marcela Troncoso & Ruben Marin. De holder også et lite «crash-course» før konserten for de som er nye og har lyst til å prøve seg.

Ina Eriksen er fast DJ på Oslos lokale milongaer som Milonga Brava, Ramons Milonga og på Kavakava, samt at hun har oppdrag i Bergen, Göteborg, Tromsø og Malmö. «Jeg elsker musikk. Med røtter i Argentina, og med et lidenskapelig forhold til musikk og dans, har jeg et sterkt forhold til argentinsk tango.» – Ina Eriksen

*Juanjo Passo - bandoneon, musikalisk leder, Hedda Heiskanen - violin, Irina Binder - violin, Per Tidstrand - cello, Viktor Auregard - kontrabass, Garik Binder - piano*

*Ina Eriksen - DJ*



Torsdag 31. august

# RIMUR OG SAUMUR

DØRENE ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETTER 200/130



## Norsk-islandske samarbeidsprosjekt med Trio Mediæval og Saumur

Samarbeidsprosjektet Rímur & Saumur er initiert av vokalgruppa Trio Mediæval, som i flere år har samarbeidd med trompetisten Arve Henriksen. Han utgjør bindeleddet i desse to prosjekta som her slår kraftene saman. Utøvarane har laga eit prosjekt dei har kalla «Rímur», der islandsk, svensk og norsk middelalder-, impro- og folkemusikk vert smelta saman. Resultatet av prosjektet vart gjeve ut i mars på ECM til strålende kritikkar.

Saumur er eit norsk-islandske prosjekt med Skuli Sverrisson, Hilmar Jensson og nemnde Arve Henriksen. Resultatet av det musikalske møtet vart gjeve ut på selskapet Mengi i 2016, mottok særskilt gode kritikkar og vart nominert til fleire prisar. Musikalsk sett er Saumur ein meir kontemporær konstellasjon der inspirasjonen frå moderne jazz pregar lydbilelet, men samstundes med klangen av Norden som raud tråd i musikken.

Prosjektet Rímur & Saumur hadde konsertpremiere 21. januar 2017 i Hallgrímskirkja i Reykjavík, så publikummet til Riksscenen vart av dei fyrste etter premieren som får låne øyra til kva dei særskilt røynde og anerkjende musikarane har klart å koke saman i fellesskap.

*Anna Maria Friman - vokal, Linn Andrea Fuglseth - vokal, Berit Opheim - vokal, Arve Henriksen - trompet, elektronikk, vokal, Hilmar Jensson - gitar, Skúli Sverrisson - bass*





## "Mot alle odds, så spiller jeg"

Å treffen Benedicte Maurseth på en kaffebar på Grünerløkka er så langt fra hardingfelemyten du kan tenke deg, men så unnviker hun også alle forventninger til hva en folkemusiker skal være. Hun kommer for eksempel ikke fra en folkemusikkfamilie, selv om dialekten avslører at hun vokste opp i innerst i Hardangerfjorden, forbi Eidfjord og oppover.

- Maurseth er det siste stedet du kommer til før du begynner på Hardangervidda retning øst.
- Så du ble flink til å klare?
- I hvert fall flink til å gå.
- Og du kommer altså ikke fra en gammel musikerfamilie?
- Nei, det var ingen som spilte i familien, men var glad i musikk. Spesielt far min, han er ekstremt glad i musikk. Men da var det Miles Davis, blues og lignende. De skrudde av folkemusikktemen, for å si det sånn.
- Hvordan havnet du opp med hardingfele?
- Det var litt tilfeldig at jeg kryssa av på hardingfele da jeg kom hjem med en lapp fra kulturskolen som jeg skulle fylle ut. Mor mi, som er fra Stavanger sa: "kanskje du skulle velge hardingfele, den kommer jo herfra". Så fikk jeg Knut Hamre som lærer, og det var utrolig flaks! Det var eventyrlig å kunne treffe ham én gang i uka, for jeg dro svært sjeldent på kappleikar eller de tusen kursene som "alle" dro på hele tiden. Jeg var aldri med i det lokale spellemannslaget, og gjorde det motsatte av hva du kan forvente. Så mot alle odds, så spiller jeg.

Og det har hun gjort siden, og er nå en etablert størrelse i norsk folkemusikk, med sin siste utgivelse ("Over Tones" sammen med kveder Åsne Valland Nordli) på prestisjetunge ECM Records. Før det har hun tatt med seg hardingfela inn i temmelig ulike verdener, som å samarbeide med barokkmusikere og lage teatermusikk til Jon Fosses "Andvake" og "Morgen og kveld". Nå er hun klar til å vise frem bredden på Riksscenen.

Sammen med den ikoniske skuespilleren Anne Marit Jacobsen blir det videreføring av nasjonalteatersuksessen "Morgen og kveld", basert på Jon Fosses roman. I "Lett regn av lys" fremfører Anne Marit Jacobsen Jon Fosses tekster, mens Benedictes musikk løfter dem opp med gamle og nye slåtter, sanger, dikt og improvisasjoner.

"Morgen og kveld" er bortimot perfekt syntese av to kunstformer, og like mye en triumf for Benedicte Maurseths helt uvanlige evner som musiker og komponist som for Anne-Marit Jacobsens strålende skuespillerkunst. (Sindre Bremnes, Folkemusikk)

Mindre ambisiøst blir det ikke når Benedicte setter opp Tidekverv - Solsnufiring. Sammen med folkesangeren Berit Opheim har hun skrevet et helt nytt folkemusikkverk tildegnet de fire jevndøgnene våre, vår- og høstjevndøgn og vinter- og sommersolverv. Ideen er besnærende enkel, å hylle en eldre diktform med ny folkemusikk, og så fremføre den bare i tidene for solsnu. Sammen med musikerne Rolf Lislevand (lutt og elgitar) og Håkon Stene (vibrafon, perkusjon og elektronikk) har de med utgangspunkt i folkemusikken tilført verket farger og impulser fra barokk, samtidsmusikk og fri improvisasjon.

Til slutt presenterer hun en godtepose av en konsert, hvor hun bokstavelig talt har fått "Plukke stjerner med hendene", og her spører også Knut Hamre i bakgrunnen. Det var nemlig han som anbefalte henne å lese diktantologien med samme tittel mens hun enda var tidlig i tjueåra, og nå har hun tatt den på ordet og gjort nettopp det - plukket stjerner. Knut Hamre (selvsagt) og Hallvard T. Bjørgum kommer med hardingfeler, Nils Økland med hardingfele, fiolin og viola d'amore, og da er ikke Sigbjørn Apeland langt unna med sitt harmonium. Åsne Valland Nordli synger, mens skuespillerne Hildegun Riise og Svein Tindberg tolker poesien. Og i sentrum, Benedicte Maurseth, som her ikke bare har plukket stjerner, men hentet frem de som har betydd mest for henne.

- Er du rastlös? Er det derfor du spiller?
- Det er nok grunnen til at jeg holder på videre, ja. Jeg blir aldri selvtilfreds. Glad og stolt, ja, men jeg må hele tiden videre. Musikken er en uendelig prosess, og den holdningen har jeg mine læremestre å takke. Hadde jeg ikke hatt en så åpen lærer som Knut Hamre, så vet jeg ikke...



Fredag 01. september

# RESJEMHEIA & SYMBIO

ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 220/175

## Resjemheia

Den røynde bassisten Mattis Kleppen fann etter mange år med verdsmusikk og jazz at det låg ei musikalsk skattekiste rett utanfor døra til barndomsheimen i Bø. Me preikar sjølv sagt om slåtttemusikken frå Telemark. Han gjekk til kjeldene og lærte slåttar, for så å samle saman særskilte kompetente musikarar, og bandet Resjemheia vart eit faktum.

Musikken avspeglar miksen av slåtttemusikk og blues som har stått sterkt i Midt-Telemark sidan 1970-talet, og væpna med hardingfele, fuzzbass og doble basstrommer går trioen til angrep på slåtttemusikken med stor respekt. Dei tek oss gjennom vare stemningar, utagerande eksplosjonar og mørke dystopiar. Samspelet resulterte i tingingsverk på Telemarkfestivalen 2015 og den kritikarroste plata «El Bokko».

«Hele plata er som en spinnende globus, der Bamako blir til Bø, der tuareger går i bunad og Seljordsormen titter fram et sted langs Mississippis elvebredder»

– Bjørn Hammershaug / Folkemusikk

Ottar Kåsa - hardingfele, Kenneth Kapstad - trommer, Mattis Kleppen - bass gitar

## Symbio

Det er eit drøymande, groovy og viritous musikklandskap den relativt nye duoen Symbio tek oss med til når dei fyrar opp dreielira og trekkspel sitt. Dei to musikarane er utdanna ved Royal Academy of Music i Stockholm og Sibeliusakademiet i Helsinki, så sjølv om karane er unge og duoen fersk, er det særskilt røynde musikarar me har med og gjera.

Symbio vart kåra til Årets Nykomar under Folk- & Världsmusikgalan 2016 utan å ha gjeve ut ein einaste låt! Seinare same år slepte dei "Phoresy" til særskilte kritikkar, og innspeling av nytt materiale er på gang med planlagt utgjeving våren 2018.

"Duoen ger ibland associationer till Garmarna, men ännu mer får trycket och svänget tankarna att gå till polska accordeontrion Motion trio eller kanske rentav Kraftwerk"  
- Ulf Torstensson/Lira om "Phoresy"

Johannes Geworkian-Hellman - dreielire, Lars Emil Öjeberget - trekkspel

Lørdag 02. september

# ARVE TELLEFSEN / KNUT BUEN / HÅVARD GIMSE

ÅPNER 19.00 KONSERT 20.00 BILLET 250/175

Det er duka for eit skikkeleg meistermøte når Riksscenen inviterer til konsert med ingen ringare enn trispannet Arve Tellefsen, Knut Buen og Håvard Gimse! Dei tre musikarane har til saman ei uendeleg rekke av utgjevingar, prisar og utmerkingar i tillegg til enorme mengder konserter i inn- og utland, og er blant våre aller fremste utøvarar og formidlarar av musikk uansett sjanger.

Denne kvelden vert det fokus på norsk folkemusikk og musikk påverka av folkemusikken, der Ole Bull, Geirr Tveitt, Myllarguten og Edvard Grieg m.fl vert plassert i sentrum av hendingane. Dei tre artistane har stor kjennskap til musikken, menneska, sogene og mytene rundt desse særskilt sentrale personane i norsk musikkhistorie. Dette vert presentert vyrdsamt og humoristisk med stor detaljrikdom, og gjev publikum enno djupare kunnskap om bakgrunnen til dei kjende tonane.

*Arve Tellefsen - fele, Knut Buen - hardingfele, Håvard Gimse - klaver*



Søndag 03. september

## LilleRIKSEN for barnefamilier FELE - JA! DET VIL JEG PRØVE!

ÅPNER 12.00 KONSERT 13.00 BILLET 80/50

Tenk å få prøve en fele! Instrumentet med fire stenger som kan trylle frem lyse, mørke og rare toner. Denne dagen får du prøve ei fele. Lajla Storli og John Ole Morken har med seg mange felear, og de vil ta deg med på en spennende reise i felas mystiske verden. LilleRiksen sin egen vert Vegar Vårdal vil også ta med sin fele, så her blir det et stort spelemannslag.



Lajla Storli og John Ole Morken er begge frilansmusikere og har bred erfaring fra opplærings- og kursvirksomhet, fra kulturskole- til høgskolenivå. De er godt forankret i sine tradisjoner fra henholdsvis Hardanger- og Røros-distriktet. De har også spilt inn soloplater med musikk fra sine hjemsteder, og kanskje får du høre noe av det i dag også.

*Lajla Storli - fele, John Ole Morken - fele*



Torsdag 07. september

## GRANLIEN/BY & NERGAARD/KRUMINS

ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLET 200/130

Den så smått legendariske plata «Jarnnetter» med Camilla Granlien Band kom ut for ti år sidan i år. Her var det tonesette dikt av Loms-diktarane Tor Jonsson og Olav Aukrust i tillegg til tradisjonelle låter fra Gudbrandsdalen, og utgjevinga hausta mange lovord og mottok høge tal på terningkasta.

*«Unn deg et møte med dette klare, melankolske og sitrende møtet mellom poesi og inspirert musikk» – Fredrik Wandrup / Dagbladet om «Jarnnetter»*

I fjor var det 100 år sidan Tor Jonsson vart fødd, og med det kom også høvet til å finne fram att desse låtane. Sidan plata har 10-årsjubileum i år, er det berre å fortsette festen!

Bandet på utgjevinga frå 2007 er erstatta med Annar By, folkesongar og eminent gitarist. Saman med Camilla Granlien har han arrangert og tilrettelagt låtane for duo. I tillegg til materiale frå «Jarnnetter» vert det tradisjonelle viser frå Hedmark og Oppland og songar frå andre tonesette diktarar.

*Camilla Granlien - vokal, Annar By - gitar, vokal*

Duoen **Gard Nergaard / Michael Krumins** samlar to ustyrlege virtuosar i den kreative vidareføringa av folkemusikken. Komposisjonane til Nergaard er høgstlevande og grensesprengande, men har også klare røter i folkemusikktradisjonen han kjem frå i Vest-Agder. Michael Krumins har eit uvanleg musikalsk overskot og frilykke og er kjent som ein av dei mest karismatiske og solide gitaristane vi har. Når dei to møtest på scena, er det i eit gnistrande samspel med glimt i auget, vel vitande om at kva som helst kan henda!

*Gard Nergaard - fele, hardingfele, Michael Krumins - gitarar*

Lørdag 09. september

# NORDIC SOUND FOLK ORCHESTRA

ÅPNER 18.00 KONSERT 20.00 BILLETT 275/200

**Folkemusikk i storformat**

40 folkemusikkar, 4 komponistar og 8 solistar frå Sverige, Danmark, Finland og Noreg; Nordic Sound Folk Orchestra var Førdefestivalen si store nordiske satsing på sumaren sin festival i samarbeid med Riksscenen. Leia av den svenske orkestergeneralen Karl-Johan Ankarblom, løftar dei fram solistiske tradisjonar i Norden i eit orkesterformat på folkemusikken sine premissar.

På repertoaret står nyskriven musikk av fire nordiske komponistar: Antti Järvelä (Finland), Mia Marin (Sverige), Harald Haugaard (Danmark) og Jorun Marie Kvernberg (Noreg). I tillegg til nye komposisjonar vil også tradisjonsstoff frå dei nordiske landa bli framført i ny drakt.

Orkesteret er sett saman av felespelarane i Gudbrandsdølgenes Spelemannslag (Noreg), medlemer av folkemusikkbandet Folk All-in Band (Sverige), Baltic Crossing (Finland/Danmark) og Harald Haugaard Kvintett (Danmark). Solistar er Olav Luksengård Mjelva på hardingfele (Noreg), Olov Johansson på nøkkelharpe (Sverige) og stjernevokalistane Ulla Pirttijärvi (Sapmi/Finland), Lena Willemark (Sverige) og Berit Opheim (Noreg).

– Vi seier ganske ofte at ein konsert er «*unik*», men denne gongen er det verkeleg sant! Det kjem til å gå fleire tiår før nokon lukkast i å samle så mykje spisskompetanse innanfor den nordiske folkemusikktradisjonen på ei og same scene igjen, seier Ankarblom.

Samarbeidsprosjekt mellom Førdefestivalen og Riksscenen, og med støtte frå Nordisk Kulturfond og Kulturkontakt Nord.



Søndag 10. september

# MAURSETH/JACOBSEN - JON FOSSE

ÅPNER 14.00 KONSERT 15.00 BILLETT 200/130

**Lett regn av lys**

Skodespelar Anne Marit Jacobsen og hardingfelespelar og songar Benedicte Maurseth har gjennom mange år samarbeidd i krysninga mellom poesi og musikk, og no nyleg med teatersukssessen «Morgen og kveld» av Jon Fosse ved Nationaltheatret i Oslo. Ei framsyning som hausta framfrå kritikkar og gjekk for fulle hus over ein toårsperiode.

I poesikonserten deira, «*Lett regn av lys*», vil Anne Marit Jacobsen framføra utdrag frå romanen «*Morgen og kveld*», i tillegg til annan poesi, prosa og essayistiske tekstar skrivne av diktaren Jon Fosse. Tekstar om kjærleik, lengt, om båtar som lek og må ausast, om bestemor Herdis som plukkar pærer i hagen, og Johannes som «*no skal sjå verdens lys*» i fødselsaugneblinken i «*Morgen og kveld*».

Musikar og komponist Benedicte Maurseth spelar med sitt heilt eigne musikalske fingeravtrykk under og imellom tekstane, både gamle og nye slåttar, syng, diktar og improviserer fram klanglege fargar og stemningar til ein av verdas finaste poetar, lesen av ein av landets finaste skodespelarar.

*Anne Marit Jacobsen - skodespel, tekstopplæsing  
Benedicte Maurseth - hardingfele, song*

«‘Morgen og kveld’ er en bortimot perfekt syntese av to kunstformer, og like mye en triumf for Benedicte Maurseths helt uvanlige evner som musiker og komponist som for Anne-Marit Jacobsens strålende skuespillerkunst.»

– Sindre Bremnes, Folkemusikk



Onsdag 13. september

# RØINE / HULBÆKMO / KJORSTAD-BRØRNE

ÅPNER 18.00 KONSERT 19.00 BILLETTER 220/175

**Årets tingingsverk frå Hilme-stemnet Reolô kjem til Riksscenen og Ultima!**

To særskilte spennende og nyskapande duuar, brørne Hans & Rasmus Kjorstad og Røine/Hulbækmo, står bak verket Reolô. Inspisert av heilt spesielle karakterar i spelemannssoga, folk i djup kontakt med både naturen og dei underjordiske, har kvartetten skapt eit underleg univers av kryptisk historieforteljing pakka inn i sugererande grooves, skakke rytmar og skeiv tonalitet. Med tradisjonelle melodiar i nye klede, nykomponerte slåttar i alderdommeleg stil, nye tonar til eldre tekstar og segner og samtalar som inspirasjon til ferske kvad vert det eit mangefasettert verk.

Folkemusikken har vandra over store område før, og denne turen vil streife innom både Vest-Afrika og India på vegen gjennom dalføra her heime. Kvartetten har ei enorm breidde som utøvarar innanfor eit stort mangfold av musikalske retningar, men uttrykket deira er like fullt rått og uføresieleg, slik folkemusikkidealalet dei alle forfektar er.

Konserten på Riksscenen er i samarbeid med Ultima.

Anders Erik Røine - gitar, munnharpe, langeleik, Hans Hulbækmo - perkusjon, munnharpe, Hans Kjorstad - fele, Rasmus Kjorstad - fele



Torsdag 14. september

# OSLOS HUS

ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETTER 200/130

**«Oslos hus» – en konsertforestilling om arkitektur, byplanlegging og byhistorie.**

Folk skaper bygninger, men bygningene, eller den totale utforminga av en by, påvirker menneskene som bor i byen i stor grad. Derfor har det alltid skapt mye engasjement når byens politikere for eksempel har bestemt at man skal sanere deler av byen for å bygge høyhus, eller når en kunstner får sprengje vekk et fjell for å anlegge en park full av hans egne kunstverk. Var det egentlig så dumt å kjøre bulldosene over gamle Enerhaugen? Finnes det en universell norm for estetikk? Er noe pent og noe stygt? Kan man utelukke at husenes utseende påvirker dem som bor i byen?

Musikken i konsertforestillingen «Oslos hus» er viser, folketoner og låter fra 1700-tallet og frem til i dag som på et eller annet vis kan relateres til bygninger i Oslo.

*Liv Gulbrandsen - forteller, Kari Svendsen - banjo, vokal, Åsmund Reistad - bass, mandola, gitar, vokal, «Kong» Sverre Thorstensen - pedalbass, gitar, keyboards, vokal, Birger Mistereggen - perkusjon*



Fredag 15. september

IDJA

# BIRU BABY

ÅPNER 20.00 KONSERT 22.00 BILLETT 200/130



Vi er utrolig stolte over å kunne presentere Biru Baby på Idja! Fra den bitende kalde vidda i nord tar de med seg en bisarr stil og en kompromissløs sound. Gruppen blander den eldgamle samiske joiken med next level-musikk fra det moderne samfunnet og bruker både samisk, norsk, engelsk og russisk i tekstene sine. Resultatet har blitt kalt «ufattelig», «briljant unikt» og «Babymetal på syre».

Biru Baby sprang ut av rockebandet Cyaneed i 2014, og hovedmedlemmene i Biru Baby er samejetjene Iki og Hånná som tidsvis har med seg artister som Hell-G og KT (In Da House) i tillegg til bandet sitt på scenen.

Etter noen helsprø konserter i Norge i 2015 og 2016 er bandet på alles lepper. De har blant annet spilt på Riddu Riđđu, Máirkomeannu og Trondheim Calling. Vi lover en eksplosiv og energisk konsert på Idja-scenen, og hvis jeg var deg, så ville jeg stått fremst!

Hanna Krogh-Reinsnes - vokal, Endre Clemens Hoff - bass, vokal, Ida Iki - gitar, vokal, Kurt André Aase - trommer, backing tracks, Helge Reinsnes Moen - keytar, vokal

Lørdag 16. september

DANSESCENEN

# DANSEFEST: GAMMALDANS

ÅPNER 18.00 KONSERT 19.00 BILLETT 250/200



## Sandum Trio - Plateslepp!

Sandum trio kommer nå med sin andre plate. Deres første plate, "Ewig runddans", ble Spellemann-nominert i 2015. Etter dette er Vegard Moshagen nytt triomedlem. Sandum trio spiller tradisjonsmusikk laget for durspill og de lover både humor og vare toner på sin nye plate. På forrige plate konsentrerte trioen seg om tradisjonsmusikk fra Nord-Gudbrandsdalen, men nå får vi høre både norsk tradisjonsmusikk, nykomponerte låter og litt smakebiter fra det store utland.

Øyvind Sandum - durspill, Rikke van Ommeren - durspill, Vegard Moshagen - piano/trøorgel

**Syvers orkester** er en gammeldansgruppe som beveger seg i grenselandet mellom det tradisjonelle og det mer nyskapende. Orkesteret har bevisst satset på å bruke tradisjonsmusikken som basis for musiseringen og besøker stadig de lokale folkemusikkarkivene, hvor de finner melodier som ikke lenger er i bruk, blåser støvet av dem og gir dem en ny giv. De tilhører toppsjiktet på gammeldansmiljøet sine egne festivaler og konkurranser, hvor de har vunnet en rekke priser.

Stein Magne Eggen - trekspill, Syver Olstad - trekspill, Geir Marius Thorud - kontrabass, Svein Ove Brun - gitar, Tonje Lien Barkenæs - fele

**Sindre og Co** er eit Vestlandsbasert orkester med glimt i auga. Sidan oppstarten har dei jobba med å dyrke fram ein fenomenalt god dansetakt samstundes som dei har fokus på kreativitet i arrangementa. Dei vart Vestlandsmeistrar i gammaldans i 2015 og 2016. God stemning og godt driv er to viktige ingrediensar i samspelet. Dei speleglade karane lovar å yte sitt aller beste for å gje deg danseglad musikk i fleire stil- og taktartar.

Sindre Fotland - durspel, Andreas Kollvangsnes - durspel, Kristoffer Kleiveland - durspel, bass, Tormod Kleiveland - gitar, Vegard Hansen - durspel, bass

**Atterljomen:** Astrid Sulheim, Bjørn Kåre Odde og Aslak Brimi gikk for to år siden sammen om et prosjekt for å bringe slåttekomposisjonene til Sjugurd Garmo fram i lyset. De ga ut plata "Atterljomen" til store ovasjoner og holdt konserter utover det ganske land.

Astrid Sulheim - fele, Bjørn Kåre Odde -fele , Aslak Brimi - fele

PLATESLIPP

Søndag 17. september

# LilleRIKSEN for barnefamilier

## STUBSVEEN/FLOTTORP: EVENTYRØYA

ÅPNER 12.30 KONSERT 13.00 BILLETTER 80/50

Ei jente vaknar opp på ei øy, langt frå land. Ho er heilt alene og aner ikkje kvar ho er. Men i den nye situasjonen er det berre ein ting å gjøre: starte på nyt og gjøre det beste utav det. Jenta må bygge seg hus, sanke mat og overleve. Sjølv om øya er folketom, treffet jenta stadig fleire dyr ho blir kjent med. Nokre av dei er skumle, andre snille. Og snart er ho ikkje lenger einsam. Men klarer ho å glømme kvar ho kom frå, og heller leve eit fullverdig eventyrliv her ute?

Dette er ein produksjon som passar godt for alle born opp til rundt 10 år, og foreldre og søsken vil også synast det er artig. I framkant av framsyninga vil LilleRikSvert Végar finne ut kor mykje du veit om alle dei rare dyra som finst ute på denne aude øya. Kanskje du kan kle deg ut som eit dyr? Velkommen ned i dyriket, på Riksscenen.

Johanne Flottorp - hardingfele og song, Sigrid Stubsveen - fele og song



Torsdag 21. september

# FRØKEN

ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETTER 200/130

«Hva skal til for å ha guts nok til å bare stole på seg selv, sin egen idé, sitt valg, sin vei? Når skal du slutte å hige etter bekreftelser på at du har funnet din plass?»

Gruppa Frøken består av seks allsidige utøvere med vilje til å formidle. Med sine varierte kunstneriske bakgrunner danner de et friskt musikalsk og scenisk uttrykk. I bevegelse fra soloslått til drivende samspill og fra samtidsdans over i halling fremfører de konsertforestillingen «Frøken».

Sigrid Stubsveen - fele, vokal, Selma French Bolstad - fele, vokal, Ingeborg Ulberg Sommer - fele, vokal, Tove Bagge - bratsj, vokal, Malin Victoria Alander - vokal, dans, Anita Vika Langødegård - dans



Fredag 22. september

# MAURSETH / OPHEIM / LISLEVAND / MØRCH STENE

ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETTER 250/150

### Tidekverv – solsnufeingard

«Tidekverv» er eit nytt folkemusikkverk komponert av Berit Opheim og Benedicte Maurseth tileigna dei fire viktigaste datoane for solsnu i året: vårværsdøgn, sommarsolkverv, haustværsdøgn og vintersolkverv.

«Tidekverv» er etter ein idé av Benedicte Maurseth, inspirert av Draumkvædet, både som diktform, men også som eit slags musikalsk ritual, sidan Draumkvædet hovudsakeleg vert framført 13. dag jol kvart år. Ønsket med «Tidekverv» er såleis å hylla ei eldre diktform med ny folkemusikk, og framførha musikken berre i periodane for solsnu.

Verket inneholder lydarspel, gangarar, springarar og fire nye balladetekstar tileigna det mest essensielle i liva våre – sola, og dei ulike årstidene den oss gjev. Balladane er skrivne av diktarane, Bergsveinn Birgisson og Erlend Nødtvedt og skildrar alt som mognar og gror, at ein «vil elskja, syngja, tru», sommarnåden, grøda, og til slutt det stigande mørkeret, som endar med omkvædet «Eg takkar deg Gud at sola snur, uansett på kva ein trur».

Musikken er arrangert i samarbeid med musikarane, Rolf Lislevand og Håkon Stene som gjev det folkemusikaliske uttrykket i verket fargar og impulsar frå både barokk, samtidsmusikk og meir fri improvisert musikk.

Tidekverv var uroppført vårværsdøgn under Oslo Kirkemusikkfestival i 2017, og vitjar no Riksscenen, på sjølvaste dato for haustværsdøgn, 22. september.

Benedicte Maurseth - hardingfele, song, Berit Opheim - song, perkusjon, Rolf Lislevand - lutt, el-gitar, Håkon Mørch Stene - vibrafon, perkusjon, elektronikk



Tekstforfatterfondet

KULTURÅDET  
Arts Council  
Norway

Lørdag 23. september

# AFRIKASCENEN

**ÅPNER 15.00 PROGRAMSTART 16.00****BILLET BARNEKONSERT 16.00: 80/50****BILLET KVELDSPROGRAM FRA 1730: 250/150**

AFRIKASCENEN vil vise hvilken kulturrikdom som finnes i Afrika. En reise i sanseopplevelser med musikk og musikere fra Wassolon til Bamako, Abidjan, Paris, Bologna og Oslo.

Vi får møte Sidiki Camara, opprinnelig fra Mali, med sitt nye prosjekt Sidiki Camara Experience som blant annet inkluderer to italienske jazzmusikere. Videre en duell mellom tradisjon og modernitet når den ivorianske danseren Jean-Paul Méhansio fremfører sin solodans «*Gnéan / Speil*» – en atmosfære vi vil gjenkjenne i rytmene Dj De LAMBERT serverer utover kvelden. Og ikke minst mesteren av ngori, Abou Diarra & Donko Band Orchestra som vil gjenopplive den eldgamle mandingokulturen ispedd arrangement av blues, jazz og reggae. En subtil blanding av wassoulou-rytmer og ritualer i urbane lyndskap.

**Program:**



16.00 «En reise i rytmene», perkusjon-workshop for barn.

Slå på stortromma med stjerneperkusjonisten Sidiki Camara!

Sidiki Camara inviterer barn 8–12 år og foreldre inn i sitt univers av afrikanske rytmer

*Sidiki Camara - musikalisk leder, perkusjon***17.30 Sidiki Camara Experience**

Sidiki Camara Experience spiller energisk afrobeat blandet med tradisjonell musikk fra Mali, krydret med swing-jazz fra Italia og Norge.

